



Årsmelding - Keipen Turlag 2016 Org. nr: 911830477

Styret har i 2016 vore samansett slik:

- Leiar : Kirsten Grotle
- Nestleiar : Svenn Petter Kjerpeset
- Kasserar : Linda Stenseth
- Sekretær: : Magnhild Myklebust
- Styremedlem : Steinar Isene
- Styremedlem : Per Arne Sæterlid
- Styremedlem : Mattis Hamre
- Styremedlem : Kari Songedal - Barnas Turlag
- Varamedlem : Espen Sortevik
- Varamedlem : Rob Deckers

Kirsten Grotle er vald som 1. varamedlem til styret i SFT.

Barnas Turlag Indre:

- Leiar : Astrid Johanne Vårdal
- Styremedlem : Gabriel Ossenkamp
- Styremedlem : Stine Mari Solheim

Barnas Turlag Ytre:

- Leiar : Kari Songedal
- Styremedlem : Monicha Terdal
- Styremedlem : Roger Svarstad
- Styremedlem : Cato Edvardsen

Barnas Turlag Davik/Ålfoten:

- Leiar : Evy Dombestein
- Styremedlem : Sonja Førde
- Styremedlem : Monica Nybø

Revisorar : Kåre Myklebust og Bjørg Didriksen

Valnemnd : Jarle Frøyen og Liv Haukenes

Medlemmar: DNT sitt familieår har KT auka medlemsmassen med 25%, frå 229 ved sist årsmøte, til 289 medlemmar pr. okt 2016; 84 familie husstand, 71 hovudmedlem, 2 ungdom, 26 honnør, 1 livsvarig, 45 barn, 11 skoleungdom, 22 familie hovud og 27 husstandsmedlem.

Æresmedlem: Oddmund Leirvik

Møte:

Vi har gjennomført årsmøte, 7 styremøte og handsama 59 saker. Saker vi har jobba med er m.a.: profilering, tilsyn hytter, via Ferrata Hornelen, politiattest, friluftsmoro, handlingsplan, fellesturar, fjelltrimmar, Innspel til kommunedelplan fysisk aktivitet m.m.

Svenn Petter, Per Arne og Kirsten var utsendingar på årsmøte til SFT på Skei.

Kirsten var utsending på Landsmøte til DNT i Lom.

Det vart halde to møte med turleiarane; før tursesongen med tema risikovurdering og eit evalueringmøte i etterkant.

Møte med hyttetilsyna og vertskapet.

Møte med Ålfotbreen landskapsvernomsråde.

Møte med utarbeiding av kommunedelplan fysisk aktiivitet 2017 - 2020 og leiar innvald i styringsgruppe. Barnas Turlag har hatt tre fellesmøte for alle avdelingane.

Uttaler v/Marino Ask, Alvar Melvær og Ron Overdevest i SFT:

Via Ferrata - Hornelen

Vindmølleutbygging Guleslettene og Bremangerlandet

Vi har vore omtalt i Firdaposten og Fjordenes Tidende i samband med fellesturane våre og i samband med planane i Hornelen.

Dugnad:

Styremøte og anna administrativt arbeid	573,0
Feltarbeid (traséval, stimerking, vedlikehald)	291,0
Turleiing	306,0
Anna	315,0
Sum dugnad	1485,0

Ny heimeside: keipen.dnt.no – drifta av Eli Mehlum Stølan

Kurs:

Per Arne Sæterlid og Mildrid-Anette Indredavik har gjennomført turleiar kurs.

Merking av stiar:

Gjegnen: I samband med turane til Gjegnen har det vore framgang i merkinga.

Sande - Dyrstad: I samband med fellesturen vart det utført merkearbeid i området.

Samarbeid:

Bremanger kommune: Planlegging av parkeringsplassar i tilknytning til T-turane i Hornelen, skilting til Vetvika, annonsering og omtale av fellesturane og kulturaturane til Tongane og Vingen

Hornelen kystlag, grunneigarar i Berle og Svelgen jeger og fisk: Friluftsmoro i Berledalen

Sfe; Knekkevasshytta

Ålfotbreen landskapsvernområde; merking T- tur til Gjegnen

Fellesturar - 2016:

Dato	Turmål	Tal deltakarar		
		born	ung	voksne
07.feb	Kom deg ut vinter; Karlskarstova	38	1	33
10.apr	Open dag Moldahytta	34		58
17.apr	Kalvåg - Dosavarden - Nesje			3
24.apr	Tongane	4		12
01.mai	Keipen			13
08.mai	Sande – Merkingsnova - Dyrstad			15
15.mai	Gjegnen			12
15.mai	Open dag Knekkevasshytta	12		18
21.-22.mai	Friluftshelg i Berledalen	25	5	23
22.mai	Vingen (i samarbeid med Bremanger kommune) - påmelding/betaling			0
29.mai	Svelgen - Toppen			6
05.jun	Sande - Hennøystranda			9
12.jun	Aksla			12
19.jun	Vetvika; Svarstad (samarbeid med Florø Turlag)			34
25.jun	Solnedgang - soloppgang			4
03.jul	Hornelen			0
24.jul	Hope - Gjegnabu	1		7
30.jul	Bukkenibba			7
30.-31.juli	Yksneelvane –camp (overnatting i telt ved foten av Gjegnen)			0
31.jul	Gjegnen			
06.aug	Smulmedalsegga			0
07.aug	Snøyken			0
14.aug	Ålfotbreen			0
21.aug	Davik-Klakegga-Troda-Davik			2
28.aug	Moldahytta - Gulebrystet			0
04.sep	Kom ut dag - Knekkevasshytta	26		26
07.okt	Opptur Knekkevasshytta		44	10
		140	50	304

Barnas Turlag: Indre/Svelgen, Ytre og Davik/Ålfoten

Dato:	Aktivitet:	Arrangør:	born	ung	voksne
20. nov.	Lommelykttur rundt Ålfottunet med bålpannekos, pølser og saft i gapahuken til oppvekstsenteret etterpå. Vi hadde også quiz gjennom løypa med premiering	Davik/Ålfoten	34		14
22. nov	Lommelykttur	Felles Ytre/Svelgen	32		23
10. jan	Skøytedag i Berledalen	Ytre	25	5	20
7. feb	Kom deg ut Karlskarstova	Felles	38	1	33
11. april	Moldahytta	Indre/Svelgen	34		58
28. mai	Turbotrimmen-tur til Furehovden	Davik/Ålfoten	6		4
13. juni	Ytrehusytta	Indre/Svelgen	6		8
16. mai	Strandryddedag	Felles ytre/Svelgen	3		3
21.-22. mai	Berledalen	Felles	25	5	23
21. aug	Fagredalen	Ytre	11	1	5
4. sep	Knekkevasshytta. Natursti for borna.	Felles Indre/Svelgen Davik/Ålfoten	26		26
	Samla tal:		270	12	223

Turbotrim: Eit felles prosjekt med klippepostar i Fagredalen, Berledalen, Moldahytta, Jakthytta på Ytrehus, Vikaskogvegen frå Vik og Furuhovden frå Davikneset. Det vart arrangert turar til fleire av turbotrimmåla. Vi selde 31 kort og ved sesongslutt hadde vi fått inn 13 ferdigklipte kort.

Gåve - 4000 kr etter Njords Men MC og Frøya support etter arrangementet MC mot mobbing. Pengane skal verte nytta på ein måte som fremmar likeverd og glede blandt born og unge i Bremanger

Fjelltrimmen:

Svelgenområdet:

Post:	Tal besøk:	Post:	Tal besøk:
Risevatnet 3,5 km	5124	Ivervatn	535
Risevatnet - Vasskaret	1044	Knekkevasshytta	280
Moldahytta	2002	Jakthytta Ytrehus	317
Martinbu/Sandsegga	1620	Gulebrystet	280
Omvendeskaret	333	Samla besøk:	11535

Fjelltrim Ytre Bremanger (BIL): (16 postar) pr. 1. nov	14049
Fjelltrim Berle (grendalaget): (11 postar)	4026
Fjelltrim Kalvåg (IL Frøy): (8 postar)	5892
Fjelltrim Leirgulen/Kolset krins (LIL): 13 postar.	2550
Ålfoten: 1 post	272
Hornelen	1502
Turboktrimbøker: 2 bøker	294
Gjegnen	75
Ålfotbreen	20
Klakegga	70
Keipen	70
Samla besøk:	

Turboktrimmen: Turmåla for 2016 var; Dosavarden, Huseheia, Svartevasshornet, Tongane, Huldrehaugen, Botnanipa, Merkenova, Moldahytta, Ivervatn og Aksla. Vi fekk spørsmål om vi kunne selje kort til bruk som julegåve og i førjulstida kunne dei kjøpast på Coop og hjå oss i styret.

Vi selde ca 130 klippekort og arrangerte fellesturar til fleire av turmåla. Ikkje alle turane er merka og dette har nokre av turgåarane vore missnøgde med, spesielt turen til Botnanipa har vore krevjande for mange. 1. okt hadde vi fått inn 97 ferdigklippte kort og det er kjekt å sjå at vi har turgåarar frå heile kommuna og Florø og Førde. Årets turboktrim syner stor framgang frå fjoråret. 20 turboktrimmarar har levert ferdige klippekort alle fire åra. Vi har registrert 163 ulike namn og av dei 39 i år.

Turorientering: Turorientering vart starta i Svelgen i 1976 av Svelgen Turn og Idrettsforening. Keipen turlag overtok i 2007.

I år gjekk turane i områda: Indrehus-Ingebrekthola, Storefosstunell-Demning-Høgda, Vestrebotn-Linjefeste-Annleggsveg og Vingevatnet

Totalt 45 personar har levert inn kortet og resultatet vart: sølvmerke til ein person, gullmerke til to barn og 42 voksne.

4 personar får i år bronseplankett (5år), 1 person sølvplankett (10år), 2 personar gullplankett (15år) og som den første, får Bjørg Rita Håøy 30 års plankett.

Hytter:

Knekkevasshytta; eigd av Svelgen Kraft AS og drifta av KT - ingen registrerte overnattingar Tilsyn: Steinar Isene

Martinbu; dagsturhytta til KT på Sandsegga Tilsyn: Liv Sigdestad Brekke.

Moldahytta; eigd av STIF og drifta av KT, 5 overnattingar Tilsyn: Karstein Løvset.

Vertskap på hyttene: Sissel Igland, Johanna Midtun, Anne Karin Vårdal, Olga Aarsnes, Audhild Vistnes, Jorunn Styve og Liv Sigdestad Brekke

Kommunikasjon:

E - post: keipenturlag@gmail.com

Facebook; Barnas Turlag, Turboktrimmen og Keipen Turlag